



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Sunnmøre Ringmerkingsgruppe
v/ Kjell Mork Soot
Hareidsvegen 234
6060 HAREID

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/28-

29. mars 2019

Hauge kraftverk i Stranda kommune i Møre og Romsdal - klagesak

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt vedtak av 08.05.2017 om å gi løyve til Hauge kraftverk er klaga på av Sunnmøre Ringmerkingsgruppe.

NVE har vurdert klaga utan å finne grunn til å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 04.01.2018.

1. Bakgrunn

Stranda Energi AS og grunneigarane søkte 23.11.2015 om løyve til å bygge Hauge kraftverk. Kraftverket vil nytte eit fall på 535 meter i Haugedalselva frå inntaket på kote 700 ned til kraftstasjonen på kote 165. Kraftverket vil ha ei maksimal slukeevne på 900 l/s, som utgjer 200 % av middelvassføringa. Kraftverket skal få ein turbin med effekt på inntil 4 MW, og vil etter planen og med gjeldande vilkår gi ein årleg produksjon på om lag 13,6 GWh. NVE har satt vilkår om slepp av minstevassføring frå inntaket på 100 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 30 l/s resten av året. Haugedalsvatnet skal regulert mellom kote 889,5 og kote 887,3. NVE har satt vilkår om slepp av minstevassføring frå Haugedalsvatnet på 200 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 30 l/s resten av året.

NVE har kunngjort søknaden og sendt den på høyring. **Stranda kommune** rår til at det blir gitt løyve. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal** rår frå at det blir gitt løyve. **Møre og Romsdal fylkeskommune** har ikkje opplysningar om særlege friluftsinnteresser i området, men ber om at innspel på dette tema blir lagt til grunn. **Direktoratet for mineralforvaltning** har ikkje merknader til søknaden. **Istad Nett** og **Stranda Energi Nett** har kommentert forhold knytt til nettsituasjonen i området. **Naturvernforbundet i Møre og Romsdal** rår frå at det blir gitt løyve. **Ytre Sunnmøre lokallag av Norsk Ornitologisk forening/Sunnmøre**

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Steinar Pettersen
22 24 61 39

Ringmerkingsgruppe rår frå at det blir gitt løyve. **Jørgen Helset** har kommentert forhold knytt til lokal vassforsyning.

2. NVE sitt vedtak

NVE har samanfatta si vurdering av saka som følgjer i *KSK-notat 9/2017 Bakgrunn for vedtak Hauge kraftverk*:

"NVE mener at Haugedalselva ligger i et område med visse landskapskvaliteter og at det dermed er viktig å begrense de visuelle virkningene av en eventuell utbygging i vassdraget. I de justerte planene for Hauge kraftverk mener NVE at det er tatt flere hensyn for å begrense de mulige negative konsekvensene for landskap og friluftsliv. NVE mener derimot at en overføring av sidebekk på kote 705 vil gi for store landskapsmessige virkninger til å forsvare en produksjonsøkning på 1,1 GWh/år.

NVE mener at det må slippes minstevannføring hele året da tilførselen av vann og fuktighet har betydning for fossene, fugl, insekter, bunndyr og organismer knyttet til vannstrengen. Med sesongtilpasset minstevannføring vil forholdene for biologisk mangfold i og rundt hele elva etter vårt syn ivaretas i tilstrekkelig grad. Slipp av minstevannføring er også viktig for å ivareta landskaps- og friluftslivsinteresser.

NVE mener prosjektet i Haugedalselva kun vil gi mindre negative konsekvenser som kan avbøtes tilstrekkelig gjennom vilkår, slik at fordelene ved tiltaket er større enn skadet og ulemper. Det kan derfor gis konsesjon til prosjektet."

3. Klaga

Sunnmøre Ringmerkingsgruppa (NOF/SR) gjev i brev av 21.05.2017 uttrykk for at den samla belastninga på vassdrag på Sunnmøre no er svært stor grunna kraftutbygging, og klagar på det grunnlag på at det er gjeve løyve til å bygge ytterlegare tre kraftverk i Stranda. Klagar legg særleg vekt på at desse tre prosjekta, saman med dei eksisterande utbyggingane, samla vil få dramatiske konsekvensar for fossefallbestanden i området.

4. Departementet sine merknader

Løyve til Hauge kraftverk kan bli gitt om "*fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser*", jf. vassressurslova § 25 første ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane i klaga som er naudsynte for å grunngje avgjerdsla. Departementet kan også ta omsyn til forhold som ikkje er tatt opp i klaga.

Samfunnsnytte og prissette konsekvensar

Departementet meiner at den viktigaste samfunnsnytta med Hauge kraftverk vil vere produksjon av fornybar energi. Hauge kraftverk vil med NVE sine føresetnader og vilkår gi ein produksjon på 13,6 GWh med ein vinterkraftdel på om lag ein tredel. Tiltaket vil kunne ha positive konsekvensar for lokalt og regionalt næringsliv og sysselsetting under anleggsperioden. Vidare kan utbygginga bidra til inntekter til Stranda Energi AS, grunneigarane og Stranda kommune.

Det går fram av søknaden at kostnadane er berekna til 59,8 mill. kr. Kostnadsår er 2015. Justert til kostnadsår 2017 blir kostnadane 62,9 mill. kr. Dette gir ein spesifikk utbyggingspris på 4,63 kr/kWh. Kostnadar for tilknytning til nett inngår ikkje i berekningane.

I samband med reviderte planar for vassveg i øvre del, har søkjar utarbeidd eit kostnadsoverslag som syner monaleg høgare samla kostnadar for driftsvassveg enn kva som går fram av konsesjonssøknaden.

Prosjektet si inntektsside, representert ved noverdien av prosjektet, inngår som eit element i departementet si samla vurdering av prosjektet sine fordeler og ulemper. Departementet har gjort ei berekning av noverdien basert på oppgitte investeringskostnadar frå søker, typiske driftskostnader, forventa produksjon og elsertifikatpris, og eit utfallsrom for kraftprisen slik det er modellert av NVE i oktober 2018 fram mot 2030 (høg/låg/basis). Gitt føresetnadane for investerings- og driftskostnader har ikkje kraftverket positiv noverdi når ein legg NVE sin basis prisbane til grunn.

Departementet presiserer at uvissheita i denne fasen normalt er betydeleg når det gjeld faktisk produksjon og kostnadar, og at det er stor uvisse knytt til kraftprisutviklinga fram i tid. Dei samla verknadane av tiltaket er ikkje avgrensa til dei som er prissette. I konsesjonsvurderinga vil departementet vurdere miljøverknadane av tiltaket nærare, og ta stilling til om tiltaket er samfunnsøkonomisk lønnsamt.

Det er ikkje kapasitet i eksisterande nett til å mata inn ny kraftproduksjon i Hellesyltområdet. Samstundes med at NVE ga konsesjon til Hauge kraftverk, Langedalselva kraftverk og Røyarhus kraftverk, blei det også gitt anleggskonsesjon til etablering av ei ny 66 (132) kV kraftleidning frå Tomasgard i Hornindal kommune til Tryggestad i Stranda kommune med tilhøyrande transformatorar. Det er ein føresetnad for anleggskonsesjonen at Langedalselva kraftverk blir bygd saman med minst eit av dei to andre kraftverka. Departementet har i vedtak av dags dato avslått søknaden om løyve til Langedalselva kraftverk. NVE meiner at dersom berre Hauge kraftverk og Røyarhus kraftverk blir bygd, vil det vere ei betre samfunnsøkonomisk løysing å oppgradera eksisterande nett enn å bygge ny kraftleidning. Kostnadane ved ei oppgradering er berekna til 17 mill. kr. Departementet legg til grunn at Hauge kraftverk sin del av desse kostnadane vil vere om lag 11,3 mill. kr. Prosjektet får då ein utbyggingspris på 5,46 kr/kWh.

Inngrep i høgfjellet

NVE legger i sitt vedtak vekt på at Hauge kraftverk etter måten vil ha nokså avgrensa inngrep. Det er ikkje gitt løyve til overføring av ei sideelv grunngeve med omsynet til landskap og friluftsliv. I tillegg er det lagt vekt på at øvre del av vassvegen skal etablerast som tunnel opp til inntaket. Inntaket og etablering av dam for regulering av Haugedalsvatnet vil etter NVE sitt syn ikkje bli dominerande i landskapet, føresett at ein legg vekt på å minimere inngrepa.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal rår frå at det blir gitt løyve til Hauge kraftverk. Sjølv om overføringa blir utelatt og øvste del av vassvegen etablert i fjell, meiner Fylkesmannen at reguleringa av Haugedalsvatnet saman med etableringa av inntaket og redusert vassføring vil ha for store landskapsmessige konsekvensar. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal viser i tillegg til at tiltaksområdet inngår i eit etter måten større fjellområde som er urørd av inngrep.

Departementet har gitt retningslinjer for utbygging av små kraftverk, og forholdet til sårbart høg fjell er omtalt særskilt. Departementet er av den oppfatninga at etablering av dam, regulering av Haugedalsvatnet, endra/reduert vassføring over ei strekke på meir enn ein km ned til inntaket og etablering av inntak vil røre sårbart høg fjell. Sjølv om NVE har føresett at inngrepa skal minimerast, er det departementet sitt syn at dei saman med reguleringa og redusert vassføring i elva likevel vil endre området karakter. Departementet legg også til grunn at fjellområdet som blir påverka er del av eit større område med urørd preg. Sjølv om reguleringa vil betre økonomien i prosjektet for søkjar, legg departementet vekt på at nytta av reguleringa utgjør ein svært avgrensa produksjon på 1,1 GWh.

Andre forhold

Departementet legg til grunn Hauge kraftverk også vil ha konsekvensar for landskapet nedanfor inntaket. Veg i bratt terreng opp til tunnelpåhogget må dimensjonerast for anleggsmaskinar og tunge køyretøy for transport av tunnelmassar. Departementet ser ikkje bort ifrå at etablering av vegen vil innebære store inngrep som kan bli godt synleg i lang tid. Departementet er samstundes av den oppfatning at ulempa kan bøtast på i nokon grad, m.a. med å stille krav om retningsstyrt boring av vassvegen i staden for konvensjonell tunneldrift.

NOF/SR har i si høyringsfråsegn opplyst at det er to hekkande par av fossefall som kan bli råka av utbygging. I tillegg nyttast øvste del av Haugedalselva som myteområde for arten. Departementet er samd med NVE i at ulempa for fossefall knytt til hekking og næringsøk i stor grad kan bøtast på, men at utbygging av Hauge kraftverk i likevel i nokon grad vil ha ulemper for fossefall.

Oppsummering

Hauge kraftverk vil kunne bidra med ein årleg produksjon på om lag 13,6 GWh med dei vilkåra NVE har satt. Tiltaket vil kunne gi varige inntekter til søkjar, grunneigarar og kommunen, samt positive ringverknader lokalt.

Ei utbygging av Hauge kraftverk vil ha ulemper for landskap, først og fremst ved at det rør ved eit høg fjellsområde som er del av eit relativt stort fjellområde med urørd preg.

Det er ikkje kapasitet i nettet for tilknytning av Hauge kraftverk. Dersom ein også legg kostnadane for nettilknytning til grunn, blir utbyggingsprisen høg. Utbyggingsprisen vil også bli relativt høg også dersom ein ikkje reknar med tilknytingskostnadane. Departementet meiner at Hauge kraftverk i liten grad kan bere ulempene for landskap og andre interesser.

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved tiltaket er mindre enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for løyve er såleis ikkje oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

5. Departementet sitt vedtak

Klaga frå Sunnmøre Ringmerkingsgruppe blir teken til følgje. Departementet gjer om NVE sitt vedtak om å gi løyve til Hauge kraftverk til avslag.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd første punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Steinar Pettersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Hauge Kraftverk AS
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Norges vassdrags- og energidirektorat
SFE Nett AS
Stranda Energi AS
Stranda kommune